

Dagleg leiar i Kvam bompengeselskap Oddvar Brakestad orienterte styringsgruppa. Orienteringa var i samsvar med brev til eigarane av selskapet datert 14.12. 2017

Styret i Kvam bompengeselskap AS har for sine tidlegare prognosar for uttak av bompengar til vegbygging nytta berekningar utført i samarbeid med Hordaland fylkeskommune og Statens vegvesen i samsvar med notat datert 13.03.2015 og eigen oversikt utført av selskapet sitt rekneskapskontor i 2016.

Total investering	
Investert pr. 2016	423,3 mill.kr.
Restramme investeringar 2017	30,3 mill.kr.
SUM	453,6 mill.kr.

Av restramme til investering 2017, samla 30,3 mill.kr. er det utbetalt 24,6 mill.kr. i 2017. Ubetalt beløp trekt frå restramme på 30,3 mill.kr. er 5,7 mill.kr. og er pr. dags dato ikkje rekvirert frå Statens Vegvesen, men er venta kjem. Det er avsett likviditet til dette utan auke i lån.

Dagleg leiar og styreleiar i Kvam bompengeselskap AS har fått berekna ein ny inntektsprognose f.o.m. 2018. Kvammapakken – oppdatert inntektsprognose f.o.m. 2018 er utført og datert 20.11.2017 av sivilingeniør Helge Hopen. Det er i Hopen sin prognose rekna med auke i selskapet sine interne driftskostnader frå 2018 grunna overgang til regionalt selskap.

Berekninga til Hopen viser at framtidige bompengeinntekter til selskapet kan forsvare å nytte nye 40 mill.kr. av bompengane til veginvesteringar frå 2018. Dersom ein legg til grunn at Hordaland fylkeskommune dekkjer 10% av investeringskostnadane slik det opphaveleg er lagt til grunn for i Kvammapakken med tillegg av kostnader for mva. kan det investerast for 55.mill.kr i veg frå 2018. Meirforbruk av fylkesmidlar er ikkje avklart med Hordaland fylkeskommune.

Grunnlaget for oppdatert inntektsprognose f.o.m. 2018 ser ut til å gje eit realistisk bilete av inntekter og utgifter for selskapet som skal ha nedbetalte lån i 2029. Det kan synast som at dei nye berekningane vert lagd fram i seinaste laget og det viser kanskje at berekningane som tidlegare er lagt til grunn frå 2015 var noko pessimistiske, eller rettare sagt mindre oversiktlege premissar låg føre på det tidspunktet. Val av finansiering med god rettleiing frå Hordaland fylkeskommune viser resultat. Det gledelege med ny prognosen må vera at det kan utførast meir vegproduksjon i Kvammapakken enn det som vart framlagt i planane for 2017.

Som alle er kjende med er fleire av prosjekta i Kvammapakken ikkje produserte. Nye «friske pengar» kan truleg løysa resterande vegproduksjon frå Øystese til Laupsa og den relativt små men viktige delen som står att i planen for Vikøy sentrum og eventuelt ei restramme avsett til Kvamskogen. Dei tre ikkje utførte prosjekta i Kvammapakken vert Kvamskogen, Steinstøberget og bosstippen i Ålvik, som tida har vist vert dyre og meir kompliserte vegteknisk enn ein tidlegare har rekna med. Det er og uttalt frå Statens Vegvesen at spesielt Steinstøberget og bosstippen treng nye planar og kan i framtida verte løyst som vanlege rassikringsprosjekt.

Styrevedtak 20.12.2017:

Styret i Kvam bompengeselskap AS legg oppdatert inntektsprognose f.o.m. 2018 til grunn for forbruk av bompengar 40 mill. kr. til vegproduksjon i Kvammapakken frå 2018. Styret ber om at vedtaket i Kvam bompengeselskap AS vert sendt Hordaland fylkeskommune som vegeigar og garantist for lån, med tillegg av Statens Vegvesen og Kvam Herad.